

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016

Inge Fiskvik, FFO, hadde slik merknad til Referat frå RMNF-AU – 09.05.2016:

«Det er to Sak 18, den eine må endrast til Sak 19.»

Vedtak

Referat frå RMNF AU – 09.05.2016 vart godkjent med slik merknad:

Det er to Sak 18, den eine må endrast til Sak 19.

Kjell Håland, A, sette fram slikt forslag:

«Rådet vil sende ein uttale til skulebruksplanen. Harald Norheim og Kjell Søvik skriv eit utkast til skulebruksplanen som vert sendt til rådsmedlemene innan 15. juni. Rådsmedlemene kjem med innspel til 22. juni. Arbeidsutvalet får fullmakt til å sy saman uttala.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke:

Vedtak

Rådet vil sende ein uttale til skulebruksplanen. Harald Norheim og Kjell Søvik skriv eit utkast til skulebruksplanen som vert sendt til rådsmedlemene innan 15. juni. Rådsmedlemene kjem med innspel til 22. juni. Arbeidsutvalet får fullmakt til å sy saman uttala.